

Arkivlova

Forslaget vert støtta. Dette er ei vidareføring av ordning etter tidlegare kyrkjelov.

Teieplikt for tilsette på gravplassane og tilsette med oppgåver etter gravplasslova

Forslaget vert støtta. Dette er ei vidareføring av ordning etter tidlegare kyrkjelov.

Kven handsamar klage på ei avgjerd gravplasstyresmakta har teke etter offentleglova

Forslaget vert støtta.

Uttale frå kyrkjelege organ ved søknad om anlegg, utviding eller vesentleg endring av gravplass

Forslaget vert støtta.

Krav om medlemskap i gravplasslova § 22

Forslaget vert støtta.

Nærare regulering av urnevegg

Forslaget vert støtta.

Namneflytting

Alternativ 1 frå departementet vert støtta.

Namneflytting i særlege situasjonar

Ingen merknad.

Nedbryting i kistegrav

Forslaget vert støtta.

Krav til massar ved lukking av opna kistegrav

Forslaget vert støtta prinsipielt, men ein bør ikkje ha dette som eit absolutt krav i forskrifta. Ordlyden bør verte omarbeidd til ein bør-bestemmelse med tanke på ressursituasjonen hos gravplasstyresmaktene.

Registrering av avvik

Forslaget vert støtta.

Når festaren døyr

Intensjonen bak forslaget vert støtta, og endringa vil føre til mindre usikkerhet om kven som er festar for ei eksisterande grav, og større smidighet i forvaltninga. Men her ligg ei utfordring for den enkelte gravferdsstyresmakt, då det ikkje ligg føre noko overordna oversikt på tvers av kommunegrensar kven som er festar for graver, og i svært mange tilfelle har heller ikkje den som sørger for gravferda slik oversikt.

Betaling for å fjerne gravminne

Forslaget vert støtta.

Heimel til å gi løyve til forsøk som avvik frå lova

Det er ikkje behov for å regelfeste heimel for tidsavgrensa avvik frå gjeldande gravferdsformer. Forslaget vert ikkje støtta.